

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/15	Kommunestyret	PS	04.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 223	14/1710

Lovleghetskontroll - K-sak 155/14

Vedlegg

Lovlegheitskontroll av vedtak i KS sak 155/14 - Utbyggingsavtale vassleidning - Geir Daae

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming utan framlegg til vedtak.

Kommunestyret - 013/15

KS - behandling:

Austrheim kommunestyre godkjente at Reidar Øksens gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Framlegg frå ordføraren:

Austrheim kommunestyre oppretthald vedtaket i K-sak 155/14.

Framlegget fekk 8 røyster mot 8 røyster(H,V og Uavh.) og vart vedteke med ordføraren si dobbelrøyst.

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre oppretthald vedtaket i K-sak 155/14.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I skriv av 05.01.15, sjå vedlegg, frå Ernst Stellberg, Liv Ulvøy og Anita Soltvedt er det lagt fram krav om lovlighetskontroll med fylgjande konklusjon:

Det synast som ganske klart at vedtaka i KS-sak 155/14 og K-sak 156/14 i kommunestyret i møte 17.12.14 må vere ulovleg.

I kommuneloven § 59 nr. 1 og 2 står det fylgjande:

§ 59. Lovlighetskontroll, opplysningsplikt m.v.

1. Tre eller flere¹ medlemmer² av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørrelser³ truffet av folkevalgt organ⁴ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon⁵ inn for departementet⁶ til kontroll av avgjørelsens lovlighet.⁷ Det samme gjelder avgjørrelser om møter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelse om inhabilitet.⁸ Avgjørrelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovlighetskontroll.⁹
2. Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse.¹⁰ Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.¹¹

I Jan Fridthjof Bernt og Oddvar Overå si bok om kommuneloven med kommentar står det fylgjande under merknad 3:

« Det er bare endelig avgjørelse- organets endelige standpunkt til vedkommende spørsmål – som kan bringes inn for lovlighetskontroll, ikke innstillinger avgitt av administrasjon eller folkevalgt organ til annet kommunalt eller fylkeskommunalt organ.»

I K-sak 155/14 vart det gjort fylgjande vedtak:

Austrheim kommunestyre vil dekke materiell/prosjektering/sprenging og rørleggarkostnader for vassanlegget. Kostnad kr 87 384,-

Momsrefusjon etter justeringsregelen på same strekning. Kr 33 846,-

Veganlegget vert ikkje overteke og det vert derfor ikkje momsrefusjon

Når det gjeld mva, vert det søkt spesielt til Skatt Vest for denne refusjonen. Utbetaling til utbygger vert gjort når ein har fått klarert refusjonen frå Skatt Vest.

Utbetaling av anleggsbidrag og momsrefusjon vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg og kommunestyret har gjort vedtak om dekking av utgiftene.

Det er ikkje avsett midlar for investering på VA i budsjettforslaget for 2015. For 2016 er det i budsjettforslaget lagt inn kr 1 000 000,-.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Vurdering

Viser til § 59 i kommuneloven som gjer tre eller fleire medlemmer av kommunestyret rett til lovlegghetskontroll av avgjørrelser truffet av folkevalgt organ.

I saken det er krevd lovlegghetskontroll på er lovlegghetskontrollen ikkje utført på rett vedtak. Lovlegghetskontrollen kan ikkje gjerast på innstilling frå rådmannen

Konklusjon

Saka vert lagt fram til handsaming utan framlegg til vedtak. Kravet om lovlegghetskontroll skal gjelde avgjørrelser som er gjort av kommunestyret og i denne saka er lovlegghetskontrollen ikkje gjort på rett vedtak.